



Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 31. mai 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Vedtektsendringar i BT Signaal AS

Styret i BT Signaal AS har i sak 5/18 føreslått å endre vedtektene i selskapet. Sogn og Fjordane eig selskapet i lag med Hordaland, Rogaland, Vest- og Aust-Agder fylkeskommunar.

Bakgrunnen er at selskapet ønskjer å endre namn til Skyttel AS, samt at føremålet for selskapet må oppdaterast i høve kva dagens BT Signaal AS omfattar. For nærare omtale vert det vist til vedlagt informasjon frå selskapet. Forslaget til nye vedtekter vert handsama i generalforsamlinga 14. juni 2018.

Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet pkt. 4.2 mynde til å gi høyringsfråsegn til vedtekts-endringar i aksjeselskap. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til tilrådde endring i vedtektene, og reknar denne saka for så kurrant at det bør vere tilstrekkeleg at FU vert informert gjennom dette notatet m/vedlegg.

Fylkesrådmannen ber ut frå dette om ev. merknader.